



Vang kommune

Tore Koxvold

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

LAJMAG -20/933 -5

2020006, Tyinkryset alpin, 35, L12, 7/17

26.05.2021

Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering for Tyinkryset alpin

1. Referat frå oppstartsmøte

Namn og planident til planen	Tyinkryset alpin 2020006
Møtedato	14.04.2021
Møtedeltakarar	Kjell Magne Kvale(Tyinkryset Eiendom AS), Tore Koxvold(plankonsulent), Knut Vidar Svanheld(grunneigar/plankonsulent), Magnus Lajord(Vang kommune/referent)
GNR/BNR	7 / 17 6/364, 7/30, 6/3 og 3/1
Kontaktpersonar	Tore Koxvold som plankonsulent. Magnus Lajord for Vang kommune. <i>Kjell Magne Kvale og Knut Vidar Svanheld i kopi på all korrespondanse.</i>
Føremålet til planen	Legge til rette for fritidsbustader, overnatting/hotel, servering/møteplassar og skiheis med tilhøyrande aktivitetsområde. Optimalisere plan for området frå 2015.

2. Planforslaget(sjå vedlagt planinitiativ)

Planinitiativet	Knut Vidar Svanheld gjekk gjennom vedlagt planinitiativ. Ynskje om å vinkle planlagt tilbringerheis i området slik at ein får meir areal til utvikling av fritidsbustader/leilegheiter i toppen av planområdet(lengst mot nord), samt betre utnytting av areal aust for planlagt heis nedover mot kongevegen. Det er og ynskjeleg å etablere leiligheitsbygg sør-aust i planområdet(vest for heisen) på nedsida av fritidsbustadane som strekker seg opp mot fylkesvegen. I planarbeidet vil ein sjå nærare på ny tilkomstveg til desse områda, og vurdere avkøyring frå nord-vest.
-----------------	---

3. Planføresetnader

Kommunedelplan for Tyinkrysset(2019)	<p>Kommunedelplan for Tyinkrysset er gjeldande for området. Arealet er regulert til kombinert fritid/næring, sentrumsføremål og skiheis/aktivitetsområde.</p> <p>Planforslaget er i samsvar med overordna plan, og det blir difor ikkje sett krav om planprogram og konsekvensutgreiing.</p>
Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)	<ul style="list-style-type: none">• Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023• Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunen• Regional plan for verdiskaping 2018-2030(Oppland fylkeskommune)• Regional plan for samfunnssikkerheit og beredskap 2018-2023• NVE sin rettleiar for flaum- og skredfarekartlegging• Kommunal- og moderniseringsdep. sin rettleiar for barn og unge i plan og byggesak
Generelle krav til reguleringsplanen	<p>Planforslaget skal utarbeidast etter, og i samsvar med:</p> <ul style="list-style-type: none">• Nasjonal mal for føresegn• Direktotatet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar for risiko- og sårbarheit• Det skal utarbeidast ein eigen VA-plan som skal fylgje planprosessen• Eigedomsgrenser som er, eller kan bli, berørt av nye tiltak skal vera innmålt og avklara med oppmålingforretning for grunneigar/utbygger si rekning før ny reguleringsplan blir take opp til fyrstegongsbehandling

4. Planfaglege utgreiingar

Planfaglege vurderingar	<p>Planforslaget er i samsvar med intensjonen for området i overordna kommunedelplan. Kommunen vil gjera naudsynte justeringar i kommunedelplanen mtp. område som er sett av til felles planlegging, slik at ny omsynssone vil stemme overeins med føreslege plangrense for Tyinkrysset alpin. I gjeldande kdpl vil ein fjerne omsynssone H810_1, og justere grensa mellom H810_2 og H810_3.</p>
Klima og miljø	<p>Midtre og nedre del av planområdet består av ein del myr, og kommunen vil tilrå at ein planlegg minst mogleg utbygging på desse areala. Dersom ein likevel planlegg utbygging på desse areala vil kommunen <i>oppmode</i> om at det blir utarbeidt eit enkelt klimarekneskap etter rettleiar/mal frå Miljødirektoratet.</p> <p>Kommunen ber forslagsstiller vurdere felles oppvarming/fjernvarmeanlegg dersom bygningsmassen i planområdet får ei slik utforming/storleik at dette kan vera aktuelt.</p>
Samfunnstryggleik og beredskap	<p>Deler av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, og dersom det blir planlagt tiltak innanfor dette området må naturfare kartleggast.</p>

/narturfare/ROS-analyse	<p>Sjekkliste for risiko- og sårbarheit etter ny rettleiar må gjennomgåast av forslagsstiller, og faremoment som kjem fram av denne må vurderast nærare.</p> <p>Det går særskilt ei stor drenslinje gjennom området, og det må utarbeidast ein plan for handtering av overvatn. Denne kan inngå i VA-planen.</p>
VA-plan	<p>Det skal utarbeidast VA-plan for området som skal fylgje planprosessen.</p> <p>Dersom tiltak i planen vil få krav om sprinkling vil eksisterande vassleidning(110mm) over myra sør i planområdet ikkje vera tilstrekkeleg til å gje 3000l/min. Det vil då bli behov for ringledning med eksisterande vassleidning til Tyinkrysset Fjellstue(110mm) for å få tilstrekkeleg kapasitet.</p> <p>Nøyaktige plasseringar av ledningar og kummar finn ein på: https://valdreskart.no/geoinnsynva/</p> <p>Vang kommune skal våren/sumaren 2021 etablere høgdebasseng i Grøvtstølen på høgdekote 905 moh. Det er dette bassenget som vil gje trykk til planområdet som ligg på mellom 838 moh. til 865 moh. For å få drift i det nye vassanlegget på Tyinkrysset er det naudsynt å få etablert dette høgdebassenget fyrst. P.t. har ikkje kommunen fått avtale om kjøp av areal til dette, noko som potensielt kan gje forseinkingar på kva tid ein kan etablere tiltak innanfor planområdet til Tyinkrysset alpin.</p>
Kulturlandskap og kulturminne	<p>Det er eit større jernutvinningsanlegg i planområdet og nokre enkeltstående kølgroper. Kulturminne må avklarast med Innlandet fylkeskommune ved kulturarveininga.</p>
Veg- og tekniske tilhøve/alpinttilbod/langrenn	<p>Ny tilkomstveg til utbyggingsområde vest for planlagt tilbringerheis må avklarast.</p> <p>Forslagsstiller må vurdere om det er naudsynt med etablering av fleire langrennsløyper innanfor planområdet, og kommunen vil oppmode om å sikre god/sikker tilkomst til eksisterande langrennsløype som blir køyrt i kongevegen.</p> <p>Det vil vera positivt for området i si heilskap dersom ein sikrar best mogleg samanbinding mot eksisterande skiheis(Tørrisheisen) og nedfartar sør for planområdet. Kommunen ber forslagsstiller vurdere om det kan vera føremålstenleg å etablere ei skibru over Begna heilt sør i planområdet mot gnr/bnr 7/396 på sørssida av Begna. Etablering/finansiering av eit slikt tiltak kan t.d. løysast gjennom ei utbyggingsavtale.</p>
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane	<p>Planområdet ligg sentrumsnært og har ein topografi som opnar opp for både høg utnytting i BYA og stor høgde pr. bygg. Både med tanke på klimaomsyn og kostnad pr. kvadratmeter vil kommunen oppmode forslagsstiller å nytte terrenget godt og utfordre tidligare byggehøgder i området.</p>

	Det kan bli naudsynt med visualiseringar/illustrasjonar for å sikre god informasjon/medverknad for eksisterande hytter i området, og for å legge til rette for ein god politisk prosess.
Behov for utbyggingsavtale	<p>Det vil vera føremålstenleg med ei eige utbyggingsavtale knytt til utbygging av vatn og avløp.</p> <p>Det kan vera føremålstenleg med utbyggingsavtale knytt til ulike infrastrukturiltak innanfor og utanfor planområdet, og eventuelle bidrag knytt til løypelag og liknande. Skibru over Begna kan vera døme på tiltak utanfor planområdet.</p> <p>Ein vil vurdere behovet utover i planprosessen, og Vang kommune vil utforme utkast til avtale.</p> <p>Forslagsstiller vil ved varsel om oppstart inkludere oppstart av forhandling om utbyggingsavtale.</p>
Straumledningar	Kommunen har i samarbeid med Vang energiverk fått fjerna fleire av straumstolpane som stod langsmed kongevegen og fått lagt fiber/straum i bakken. Det står att nokre stolpar på strekninga som kjem innanfor føreslege planavgrensing, og kommunen oppmodar forslagsstiller om å vurdere om det vil vera føremålstenleg å legge det resterande strekket i bakken av visuelle omsyn.
Særskilt for gnr/bnr 7/17	I prosessen med revidering av kommunedelplanen kan kommunen vurdere om det er eit areal kring gnr/bnr 7/17 som kan regulerast med eigna arealføremål og føresegn direkte i kommunedelplanen. Forslagsstiller melder attende til kommunen om dette er eit ynskje. Dette avgrensa området vil då bli unnateke plankrav, og innarbeidd som ein del av detaljreguleringa for området.
Særskilte tilhøve mot overordna plan	<p>I overordna kommunedelplan ligg det eit rekkefylgjekrav knytt til infrastruktursone H410_1 om etablering av Andstorheis over planområdet.</p> <p>Kommunedelplanen skal ut på ny høyring gjennom sumaren og skal etter planen sluttbehandlast hausten 2021. Kommunedelplanen må sluttbehandlast før ny reguleringsplan for Tyinkrysset alpin kan sluttbehandlast.</p>
Særskilt behov for medverknad	Kommunen vil oppmode forslagsstiller om å gjennomføre eit ope møte for eigarane av dei omkringliggjande hyttene. Dette for å sikre best mogleg medverknad og minst mogleg missforståingar. Kommunen vil gjerne ha varsling og delta på dette møtet.
Høyringspartar	<ul style="list-style-type: none"> • Statsforvaltaren i Innlandet • Innlandet fylkeskommune • Norges vassdrag- og energidirektorat • Statens Vegvesen • Vang energiverk • Valdres kommunale renovasjon • Tyin-Filefjell løypelag • Tyin-Filefjell Utvikling

	<ul style="list-style-type: none"> • Tyin Filefjell Hytteforum/dei næraste hytteforeningane • Eksisterande hytteigarar som vil bli berørt av planforslaget
--	--

5. Andre moment etter forskrift §2 og §3

§2 d)	Det kan vera aktuelt med felles behandling av plan- og byggesak etter pbl. § 12-15. Forslagsstiller vil vurdere dette i prosessen vidare.
§2 e)	<p>Kommunen vil i planprosessen gjera naudsynte endringar i kommunedelplanen når denne skal ut på ny høyring og sluttbehandling.</p> <p>Kommunen vil sende over varslingsliste.</p> <p>Kommunen vil og sende over innmålte kartdata knytt til eksisterande ledningsnett for vatn og avløp når dette blir naudsynt i planprosessen.</p>
§2 f)	Det kan bli behov for seinare dialogmøter mellom forslagsstiller og kommunen. Dette blir vurdert fortløpande.
§2 i)	Det er ikkje aktuelt å stoppe planinittativet etter plan- og bygningslova § 12 – 8 andre ledd
§3	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen vurderer det til at kravet til fagkyndig jf. pbl. § 12-3 fjerde ledd er oppfylt • Det er ikkje aktuelt/naudsynt å bringe planforslaget inn for regionalt planforum

6. Kart

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard). Om krav til innhald, utforming, format m.v. sjå forskrift om kart, stadfesta informasjon og arealføremål.

7. Tentativ framdrift*

Planlagt varsling	Mai 2021
Planlagt dato for oversending av planforslag til kommunen	August/september 2021. Kommunen syner til fastsett møteplan på kommunen sine heimesider. Komplette planforslag må vera sendt over til kommunen seinast 5 veker før forslagsstiller ynskjer forslaget behandla i politisk utval for høyring.
Fyrstegongs handsaming i fast utval for plansaker	Oktober 2021
Offentleg ettersyn, 6 veker	Oktober/november 2021

Endeleg planvedtak i kommunestyret	Desember 2021/januar 2022
---------------------------------------	---------------------------

* Skissa ovanfor viser ideell framdrift. Forskrift om saksbehandlingstid skal uansett overholdast.

8. Plangebyr

Behandling av planforslag blir gebyrlagt i samsvar med Vang kommune sitt gebyrregulativ.

Stadfesting og atterhald

Kommunen gjer merksam på at oppstartsmøtet har karakter som gjensidig orientering og at møtet ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Nabomerknader, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av saksbehandlingsprosessen.

Med helsing

Magnus Lajord
Arealplanleggjar
Dir. tf.: 61369484
E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.